



Lærdal kommune

KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Høyringsutkast november 2016

2016-2020

Innhald

Innhald

Innhald.....	2
Føreord/samandrag.....	3
Føremål.....	3
Bakgrunn	4
Overordna mål, føringer og strategiar	5
Medverknad	8
Kommunale planar/prosjekt under arbeid.....	8
Kommunale planar – vurdering av planbehov	8
Rullering av kommuneplan.....	8
Oversikt over behov for andre planar	11
Evaluering	14

Vedlegg:

- Planbehov (oversikt)
- Notat frå Sogn og Fjordane fylkeskommune med utvalde tal og prognosar
- Revidert utviklingsplan for omstilling

Føreord/samandrag

Kommunestyret vedtok 10.03.2016 oppstart av prosess med Kommunal planstrategi. Eit av hovedmomenta i arbeidet med Kommunal planstrategi er å vurdere behov for revidering av kommuneplanen til kommunen heilt eller delvis. Administrasjonen har ikkje nytta mykje tid på denne gjennomgangen, då det er heilt utvilsomt at kommunen har behov for ei slik revidering, både av arealdelen og samfunnsdelen i kommuneplanen. Det er tidlegare gjort vedtak om oppstart av desse planane, og arbeidet med samfunnsdelen er kome langt. På grunn av fleire ulike årsakar, har denne prosessen dessverre vorte lang, og ein er framleis ikkje heilt nøgd med høyringsframleggset som har lege til offentleg ettersyn. Det vert no arbeida med å gjennomføre ein grundigare gjennomgang av problemstillingar, utfordringar, mål og strategiar i samfunnsdelen, og ein betre samordning med Lærdal Næringsutvikling sine planar, før samfunnsdelen vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn på nyåret. Etter samfunnsdelen er vedteken, vil Planavdelinga gå i gang med revidering av arealdelen til kommuneplanen. Dette var også oppført som planlagd i førre planstrategi-periode.

I innspel til Kommunal planstrategi 2016-2020, meiner Fylkesmannen at kommunen kan gjennomføre ein enklare prosess med analysearbeidet for Kommunal planstrategi, dersom dette vert gjennomført i samfunnsdelen, og at ein er i gang med dette arbeidet. Administrasjonen har teke dette innspelet til fylgje, då ein meiner det ikkje er naudsynt med ein grundig gjennomgang av analysar og statistikk for å avdekke planbehovet til Lærdal kommune denne gongen, då det stort sett er godt kjende behov gjennom arbeidet med samfunnsdelen og omstillingsplanen, i tillegg til at den vanskelege økonomiske situasjonen til kommunen ikkje har rom for store kostnadars til nye planprosessar. Kommunen har arbeida så lenge med samfunnsdelen, i tillegg til omstillingsplanar gjennom Lærdal Næringsutvikling, at administrasjonen meiner ein har godt grunnlag for å gjennomføre ein prosess med Kommunal planstrategi, utan å gjennomføre ein ny grundig analysering av samfunnet også i denne prosessen. Ulike analysar og statistikk vil koma godt fram i samfunnsdelen.

Fylkeskommunen sitt notat om utvalde tal og prognosar frå Lærdal vert lagt ved som vedlegg, i tillegg til Revidert utviklingsplan for Omstilling. Her vert dei viktigaste statistikkane presentert og kommentert.

Føremål

Den kommunale planstrategien (KPS) har to hovudføremål:

1. Med bakgrunn i utfordringar og utviklingstrekk i Lærdal, skal KPS synleggjere det samla planbehovet i kommunen.
2. Kommunen skal gjennom KPS ta stilling til om det er behov for rullering av heile eller delar av kommuneplanen.

Bakgrunn

Føremålet med den kommunale planstrategien (KPS) er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp og/eller vidareføre for å leggja til rette for ei ynskja utvikling i kommunen. Planstrategien set sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrta, og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. KPS skal fungera som eit einkelt politisk verktøy for politisk styring og prioritering av planbehov. Den skal vidare sikre overordna planlegging og ta opp i seg nokon av dei største utfordringane Lærdal kommune står ovanfor.



Figur 1 syner planhierarkiet og samhandlinga mellom dei ulike delane i Lærdal kommune. Kommunal planstrategi utgjer taket i planhierarkiet og kan kallast ein «plan for planlegging». Basert på figur henta frå Miljøverndepartementets vegleiar Planlegging etter plan og bygningsloven

I medhald av kapittel 10, § 10-1, i plan- og bygningslova skal kommunen minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert, utarbeide og vedta ein communal planstrategi. Føremålet med den communalen planstrategien er å klargjere kva slags planoppgåver kommunen bør starte opp og/eller vidareføre for å leggje til rette for ei ynskja utvikling i kommunen. Planstrategien set sterkt fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrta, og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Plan og bygningslova § 10-1.Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drofting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Overordna mål, føringar og strategiar

Planstrategien er ikkje ein plan, men eit enkelt verkty for politisk styring og prioritering av planbehov. Strategien **bør** utarbeidast og **skal** verte vedteken av kommunestyret, som øvste organ i kommunen. Den kommunale planstrategien gjev oss moglegheit til å jobbe overordna før me arbeider med dei konkrete fagområda. Regjeringa utarbeidar nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Det vert her peika på oppgåver og interesser som regjeringa meinar er viktig at kommunane fokuserar på i sin planlegging for å saman bidra til gjennomføring av gjeldande nasjonal politikk. Desse forventningane er meint å følgjast opp i arbeidet med KPS.

Sogn og Fjodane fylkeskommune har utarbeida Regional planstrategi og ulike fylkesdelplanar (temaplanar) som er vedteken i fylkesutvalet. Det er viktig at desse planane vert gjennomgått i samfunnsdelen, for å innarbeide mål og strategiar som kan vere relevante for Lærdal kommune, og for at me «dreg i same retning» som resten av fylket.

I tillegg til krav i Plan- og bygningslova kjem fleire plankrav i eigne særlover. Staten stiller følgjande 15 ulike plankrav til kommunane:

Fagområde	Kjelde	Tema	Relevant kompetanse
	<ul style="list-style-type: none"> ■ "Må-ha plan" □ "Bør-ha plan" 		
Plan- og bygningslova: Samfunns- og arealplanlegging	<ul style="list-style-type: none"> ■ Kommunal planstrategi ■ Kommuneplan 	Viktige planoppgåver i kommunen Rammer for planar og tiltak – vern og bruk	Prosess- og fagkompetanse Prosess- og fagkompetanse
Helse- og sosialsektoren	<ul style="list-style-type: none"> ■ Smittevermplan m/ pandemiplan ■ Beredskapsplan for helsetenesta ■ Sosialberedskapsplan 	Hindre smittsame sjukdomar Beredskap for drift av helsetenesta Beredskap for arbeid og velferd	Fagkompetanse Fagkompetanse kommunehelseteneste Fagkompetanse sosialhelseteneste
Utdanning	<ul style="list-style-type: none"> ■ Årsplan pedagogisk verksamhet ■ Lokal læreplan for opplæring ■ Lokal læreplan for kompetanseutvikling 	Oppfølging av barnehagelova Organisering og arbeidsmåte i skulen Sikre riktig og nødvendig kompetanse	Fagkompetanse Fagkompetanse Fagkompetanse
Samfunnstryggleik og beredskap	<ul style="list-style-type: none"> ■ Kommunal beredskapsplan ■ Beredskapsplan drikkevatn ■ Plan over brannvermtiltak 	Risiko- og sårbarheit i kommunen Trygg forsyning drikkevatn Brannførebygging, tiltak	Prosesskompetanse / fagkompetanse Fagkompetanse Fagkompetanse
Miljøvern og landbruk	<ul style="list-style-type: none"> ■ Forvaltningsplan og tiltaksplan vassdrag □ Sektorplan kjerneområde landbruk □ Tilsynsplan avløpsanlegg □ Beredskap akutt forureining □ Forvaltningsplan verna vassdrag 	Vassdragsøkologi, bruksinteresser Jordressursar og kulturlandskap Avløpsanlegg i kommunen Ureining og skadeverknader Vassdragsvern, arealplanlegging	Prosess- og fagkompetanse Prosesskompetanse Fagkompetanse Fagkompetanse Prosess- og fagkompetanse
Andre tema	<ul style="list-style-type: none"> ■ Økonomiplan ■ Årbudsjett ■ Arkivplan 	4 neste budsjettår Kommande kalenderår Innhald og organisering av arkivet	Fag- og prosesskompetanse Fag- og prosesskompetanse Fagkompetanse

Henta frå dokumentet "Plankompetanse i kommunane" (Sogn og Fjordane fylkeskommune & Fylkesmannen 2010).

Planar er også avgjerande for å få utbetalt midlar frå stat og fylkeskommune:

Føresetnad for utbetaling av midlar frå stat og fylkeskommune	
Tema / tiltak	Kommentar
Regionalplan for kompetanseutvikling i barnehagar	Regionalplanar for kompetanseutvikling i barnehagane er ein føresetnad for utbetaling av midlar til kompetanseutvikling, og det er utarbeidd ein eigen rettleiar for slike planar
Kommunal plan for kompetanseutvikling i grunnskulen	Det er ein føresetnad for utbetaling av midlar til etter- og vidareutdanning at det eksisterer ein kommunal plan for kompetanseutvikling, jf. rettleiar for kompetanseutvikling
Tiltaksstrategi for bruken av nærings- og miljømidlar i jord- og skogbruket	Tiltaksstrategi for bruken av nærings- og miljømidlar i jord- og skogbruket er eit dokument som skal ligge til grunn for tildeling av nærings- og miljømidlar til kommunane
Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet	Det er eit kommunalt krav for å kunne søke om spolemidlar til anlegg at anlegget er med i ein communal plan for idrett og fysisk aktivitet (jf. rettleiar Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet utgåve 2007, V-0788)
Plandokument kommunal næringsutvikling	Fylkeskommunen krev at kommunane som får tildelt midlar til kommunale næringsfond skal ha utarbeidd eit planverktøy med mål, strategiar og prioriterte tiltak for det kommunale arbeidet med næringsutvikling. Plandokumentet skal også ta inn over seg nasjonale og fylkeskommunale føringer gitt gjennom tilsegnbrevet for 551.60-midlar og fylkesplanen med tilhøyrande handlingsplan
Plan for entreprenørskap	Utbetaling av midlar til entreprenørskap føreset at det ligg føre ein plan for entreprenørskap, og det er utarbeidd ein rettleiar for slike planar
Kommunale fiskerihamntiltak	Norske kystkommunar med fiskerihamner kan søke om tilskot til kommunane fiskerihamntiltak. Kommunale arealplanar og ein eigen utbyggingsavtale skal sikre statens vilkår for bruk av tiltaket til fiskeriføremål, og det er utarbeidd eigne retningslinjer for tilskotet
Veg og trafikktryggingsplan	Utbetaling av <<aksjon skuleveg midlar>> føreset ein oppdatert plan for veg og trafikktrygging.
Kommunedelplan/reguleringsplanar	Utbetaling av midlar til tettstadutvikling, føreset forankring i overordna planar som t.d kommuneplan/kommunedelplan eller reguleringsplanar, evt pågåande kdp eller reg. planar.

Blant anna henta frå dokumentet "Plankompetanse i kommunane" (Sogn og Fjordane fylkeskommune & Fylkesmannen 2010).

Medverknad

Den kommunale planstrategien er ein arena for samordning av utfordringar og planbehov interkommunalt og regionalt. Dette krevjar god samordning. I § 10-1 står det at kommunen i arbeidet med kommunal planstrategi skal innhente synspunkt frå statlege og regionale organ, samt nabokommunar. Dersom planstrategien skal verte eit politisk interessant verkty, må politikarane finne verkytet føremålstenleg, ynskje å ta det i bruk og ha eit eigarforhold til dette dokumentet.

Planarbeidet har vore kunngjort og ulike instansar internt og eksternt og innbyggjarane, har vore oppfordra til å kome med merknadar til planarbeidet. Det har ikkje komme merknadar frå innbyggjarane, men det er komme utfyllande merknadar frå blant anna Fylkesmannen og Fylkeskommunen i høyringsperioden. Kommunen er godt i gang med samfunnsdelen i kommuneplanen, og ser medverknadsprosessen til Kommunal planstrategi saman med kommuneplanrevisjonen. Her har det vore ein breid og omfattande medverknadsprosess over tid, men blant anna verkstadar med politikarar og administrasjon, høyringsrundar, møter i intern planforum osv. Administrasjonen har også hatt ein eigen høyringsrunde der dei ulike sektorane fekk spele inn sine framlegg til planbehov.

Planstrategien skal handsamast i formannskapet, leggjast ut til offentleg ettersyn og vedtakast i kommunestyret.

Kommunale planar/prosjekt under arbeid

Kommuneplan-samfunnsdel
Flaumsikring for Lærdalsøyri
Forvaltningsplan for Lærdalsvassdraget
Reguleringsplan for Ofta aust
Reguleringsplan for Saltkjelen
Budsjett 2017
Trafikktryggleiksplan 2016-2020
Kulturminneplan
Reguleringsplan for Håbakken
Opplæringsplan/kompetanseplan for organisasjonen
SMIL-strategi

Kommunale planar – vurdering av planbehov

Rullering av kommuneplan

Det går fram av § 10-1 i plan og bygningslova at eit av hovudformåla med planstrategien er å ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Gjeldande arealdel for Lærdal kommune vart vedteken i 1991, revidert i 1995. For delar av kommunen er det utarbeida kommunedelplanar i nyare tid. Samfunnsdelen til kommuneplan vart vedteken i 1999.

Samfunnsdel

Gjeldane samfunnsdel er frå 1999, altså 17 år gamal. Dette gjer at mål og strategiar som ein den gongen fastsette, no i stor grad er utdaterte. Det er likevel viktig å få fram at kommunen innanfor fleire sektorar har gjennomført planprosessar på deltema, der planane er frå nyare tid, som t.d. Helse og Omsorg, Trafikktryggleiksplan, Kommunedelplan for Idrett og Friluftsliv, Skulebruksplan, Kulturplan, osv. Ny rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel inneber brei medverknad om strategiske val og politiske prioriteringar for utviklinga av Lærdal kommune.

Det har sidan 2007 vorte starta planprosess for samfunnsdelen ved fleire høve, men av ulike grunnar så har arbeidet vorte stoppa (blant anna økonomiske årsakar og høg konfliktgrad i kommunal leiing). Administrasjonen er no godt i gang med arbeidet med samfunnsdelen, men på grunn av fleire ulike årsakar, har denne prosessen dessverre vorte lang, og ein er framleis ikkje heilt nøgd med høyringsframleggset som har lege til offentleg ettersyn. Det vert no arbeida med å gjennomføre ein grundigare gjennomgang av problemstillingar, utfordringar, mål og strategiar i samfunnsdelen, og ein betre samordning med Lærdal Næringsutvikling sine planar, før samfunnsdelen vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn på nyåret. Etter samfunnsdelen er vedteken, vil Planavdelinga gå i gang med revidering av arealdelen til kommuneplanen.

Nye lover og nasjonal politikk påverkar kommunen si verksemd og planbehov. Nokon tema er så sektorovergripande og operasjonelle at dei kan best bli ivaretake i kommuneplanen sin samfunnsdel, og ikkje som sjølvstendige planar. Følgjande tema må ein vera spesielt merksam på i arbeidet med kommuneplan:

- Folkehelsearbeid
- Universell utforming, jf diskriminerings- og tilgjengeleghetslova.
- Naturen sitt mangfold, jf naturmangfaldlova(NML).
- Kulturminnevern
- Arealpolitikk med tema som transport, trafikktryggleik, utvikling av bustad og næring i samspel med natur- og miljøinteresser, jordvern, kulturminnevern og samfunnssikkerheit (ras, skred osv)
- Omdømmearbeid
- Nasjonale føringar og retningslinjer for klimatilpassing
- Næring- og bustadutvikling, sett i samanheng med omstillingsarbeidet og Lærdal Næringsutvikling sine mål og strategiar
- Vidareutvikling av gode oppvekstvilkår for born og unge (møteplassar, skule- og barnehagetilbod, kulturtilbod, førebyggjande arbeid, folkehelse, osv)

Lista er ikkje uttømmande.

Arealdelen

Lærdal kommune sin arealdel vart sist revidert i 1995, altså for 21 år sidan. Arealdelen er ikkje lenger noko effektivt styringsverktøy. Sjølv om kommunen har nyare kommunedelplanar (areal) for store delar av kommunen (som for eksempel Kommunedelplan for Lærdalsøyri, Kommunedelplan for Ljøsne-Tønjum, Kommunedelplan for Filefjell og kommunedelplanar for fleire delar av E16-utbygginga),

så manglar den overordna planen. Det er og eit stort behov for å oppdatere arealplanen etter vedtak av mange reguleringsplanar og nye overordna lover og forskrifter å forhalsa seg til. Ved ein rullering av planen, vil og Frønningen få eit overordna planverk, noko som ikkje eksisterer i kommunen i dag. Rullering av arealdelen vert tilrådd i løpet av planstrategi-perioden, helst rett etter samfunnsdelen er vedteken.

Viktige tema i ein planprosess for arealdelen kan vera:

- Oppdatering av dagens situasjon (vedtak av reguleringsplanar, omlegging av vegar, konsesjonsvedtak osv).
- Vurdere nye område for bustad, næring og fritidshytter
- Vurdere område for bygging av fritidshus
- Vurdere område der det skal tillataast spreidd bustadbygging i LNF-område
- Vurdere vern av natur og/eller kulturminne/kulturlandskap
- Oppdatere planen etter vedtak av kommunedelplanar med kjerneområde landbruk, kulturminneområde osv.
- Leggje inn omsynssoner (skred, flaum, naturtypelokalitetar osv)
- Universell utforming, viktige friluftsområde, folkehelse, Barnetrakk
- Viktig med samordning mellom Lærdal Næringsutvikling sitt strategiarbeid og arbeidet med ny arealdel.

Lista er ikkje uttømmande.

Nasjonale rammer som er komne etter førre planperiode er også viktige årsaker til at kommunen bør gjennomføre ein revisjon av arealdelen, for eksempel:

- *Plan- og bygningslova*: krav til risiko- og sårbarheitsanalysar og konsekvensutgreiing, klar samanheng mellom samfunns- og arealdelen, viktig med bruk av omsynssoner, fokus på samfunnstryggleik, helse, klima og miljø, og leggje til rette for ein arealbrukspolitikk der ein unngår mange dispensasjonsløyver.
- *Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane*: målsetting om at kommunen skal handsame klima- og energispørsmål i kommuneplan eller som eigen kommunedelplan. M.a. skal kommunen ta omsyn til klima, energieffektivisering og miljøvenleg energiomlegging under kontinuerlege planprosessar etter plan- og bygningslova.
- *Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona*: Denne planretningslinja tydeleggjer nasjonal arealpolitikk i 100-meters belte langs sjø. Det er eit mål å ta vare på allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Kommunen må vurdere å leggje inn byggjegrense langs sjø og vassdrag i arealdelen til kommuneplan.
- *Naturmangfaldslova*: Ein sektorovergripande lov som det skal takast omsyn til i alle saker som gjeld naturmiljø. Miljøkartlegging og temakart er viktig. Naturmangfaldet bør sikrast gjennom arealdelen til kommuneplan med planføremål og/eller omsynssoner, samt eigne føresegner og retningslinjer til planføremåla og/eller omsynssonene.

- *Folkehelselova*: gjennom arealdelen er det ynskjeleg og mogleg å planleggje tiltak i tråd med folkehelselova. Dette gjer me blant anna ved å planleggje gang- og sykkelvegar, sikre gode friluftsareal som innbyr til aktivitet i nærleiken av konsentrert busetnad (t.d. elvegranden på Lærdalsøyri) sikre leikeplassar ved utbygging m.m.

Oversikt over behov for andre planar

Tabellen i vedlegg 1 syner oversikt over gjeldane planar i kommunen og behovet for rullering/ajourhald og nye planar. I tillegg til å kartlegge behovet for nye planar og revisjonar er det viktig å bruke ressursar på å følgje opp dei allereie vedtekne planane. Fleire av planane vert revidert fordi det er vanleg med ein fireårig rullering, og nokre av planane skal/bør ajourhaldast kvart år. Dei planane som ikkje vert nemnt under, er planar som skal rullerast kvart 4.år, eller planprosess er allereie starta opp med politisk vedtak.

I Planoversikta er det teke med kolonner for 3 tema som er viktig å ta omsyn til i planprosessane; klima, barn- og unge sine interesser og folkehelse. Mange andre tema er også viktige, men når det gjeld desse tre utvalde tema, er dei så sektorovergripande, at dei kan vere lett å gløyme i dei ulike deltemaplanane.

Klimatilpassing handlar vel så mykje om tilpassing til usikkerheit som tilpassing til ein klart definert klimarisiko. Tilpassing til dagens klima og eit klima i endring er eit tema som går att i mange planar. At dette kjem fram i planoversikta synleggjer i kor mange planar det er aktuelt å ta omsyn til klimatilpassing, og er ei viktig påminning. Barn- og unge sine interesser skal ikkje berre verte ivaretake når det er planar som vert utarbeida av Oppvekst, men er og svært relevant når det gjeld for eksempel arealplanar, samfunnsplan, kulturplan, folkehelseplan osv. Folkehelse er eit tema som bør koma att i svært mange av planane til kommunen, og vera grunnlag for ulike vurderingar som vert gjort i t.d. Helse og Omsorgsplan, arealplanar, beredskapsplanar, Kommunedelplan for Idrett og friluftsliv osv.

Kommunedelplanar areal

Kommunedelplan for Lærdalsøyri vart vedteken i 2008. Det er eit behov for å rullere denne planen, for å oppdatere planen etter dagens situasjon og vedtekne reguleringsplanar etter 2008, og for å vurdere nye område for bustad og næring. Arbeidet bør startast så snart arealdelen er vedteken.

Energi- og miljøplan

Kommunen vedtok Energi- og miljøplan i 2007, og var den gongen blant dei fyrste i landet til å utarbeide ein slik plan. I planen er det sett opp tiltak og strategiar for korleis ein skal nå dei ulike måla til kommunen. Desse er i liten grad gjennomgått og evaluert i ettertid. Planen skulle vore rullert kvart fjerde år, såleis i 2011, men dette har ikkje vorte gjort. Det er behov for å rullere planen, spesielt for å få oppdatert målformuleringane og tiltaksplan. Det er ikkje realistisk å satse på rullering før 2018, då kommunen er i gang med fleire store og krevjande planprosessar som bør gjennomførast først, også fordi desse kan gje ein del føringar for energi- og miljøpolitikken i kommunen framover.

Beredskapsplanar

Sivilbeskyttelseslova krev at kommunen utarbeider ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen. Med utgangspunkt i analysen skal kommunen:

- utarbeida langsigtige mål, strategiar, prioriteringar og plan for å følgja opp samfunns- og beredskapsarbeidet.
- vurdera forhold som bør integrerast i planar og prosessar etter plan og bygningslova.

Lærdal kommune har mange ulike beredskapsplanar. I 2011 vart det utarbeida Beredskapsplan for helse og sosial. Ein god del planar skal rullerast årleg, i alle fall ajourhaldast. Dette gjeld for eksempel Risiko- og sårbarheitsanalyse for Lærdal kommune, Plan for etablering av kriseleiing, Smittevernplan, og Redningsplan for Lærdal. Det er behov for å gå gjennom alle beredskapsplanane, systematisere og oppdatere alle. Nokon er truleg så overlappande, at dei kan gå ut, eller slåast saman med andre. Det er svært viktig at planane vert gjort godt kjend i organisasjonen og at det er gode system for ajourhald av planane.

I førre planstrategi var det oppført 12 ulike beredskapsplanar. Det har vore eit behov for å forenkle plansystemet for beredskapsplanane, for å gjøre det meir oversiktleg, og lette arbeidet med revidering og ajourhald. Kommunen hadde tilsyn av Fylkemannen på nyåret 2016, og det vart her blant anna peika på mange planar, og därleg ajourhald. Det er viktig at kommunen innarbeider eit godt system med ajourhald av desse svært viktige planane. Administrasjonen har lagt inn framlegg om at Risiko og sårbarheitsanalyse og smittevernplan vert innarbeida i ein overordna Beredskapsplan for Lærdal kommune. Brann og redning har eigne planar, det har og kriseleiinga. På sikt bør det lagast store permar, der alle beredskapsplanane i kommunen er lagt inn systematisk i papirform og det må lagast eit system for jamnleg oppdatering av desse permane. Det er då lettare å finne aktuell plan ved ulike situasjoner og kriser. Sidan førre planstrategi-periode, er dei tre kriseplanane for handtering av ulukker, krise og sorg i skular og barnehagar slått saman til ein plan.

Reguleringsplanar

Denne lista er ikkje uttømmande, men gjev eit bilet av behov for reguleringsplanar me veit kjem, eller er i gang. Planar kommunen sjølv utarbeidar bør verte nedfelt i økonomiplanen årleg. I tillegg vil truleg revisjon av arealdelen av dekkje nye behov for reguleringsplanar.

Av planlagde reguleringsplanprosessar så er det berre to som ikkje er starta opp:

- Detaljreguleringsplan for hageavfallplass i Bergo – behov for å oppdatere gjeldande planverk til dagens situasjon
- Detaljreguleringsplan for E16 Tønjum- Ljøsne – behov for å ha vedteken reguleringsplan for ny 16 på strekninga, for å verte prioritert i Nasjonal Transportplan. Arbeidet med utarbeiding av plan vert gjennomført av Statens vegvesen, medan planavdelinga vert deltakande i prosessen.

Dei private reguleringsplanane er ikkje med i Kommunal planstrategi.

Temaplanar

Det er lagt inn få nye temaplanar, då det vil vera krevjande nok å ajourhalde og revidere dei planane ein allereie har, innanfor dei budsjetttrammene dei ulike avdelingane har dei komande åra. Nye behov for temaplanar som er meldt inn er:

- Opplæringsplan/kompetanseplan (organisasjon) var med i førre planstrategi, men er ikkje utarbeida. Planen kan vere eit viktig verkty for organisasjonsleiringa, og ein planprosess bør starte opp i 2017.
- Barnehageplan (Kultur og oppvekst) der ein ser på status og mål, barnetalsprognosar, kompetanse for tilsette og framtidas barnehage i Lærdal. Planlagd oppstart av planprosess i 2017.
- Kulturminneplan (Kultur og oppvekst) – arbeidet er i gang, planlagd vedtak vår/sommar 2017. Planen skal ta for seg registrering, handtering, sakshandsaming, mål og strategiar, problemstillingar og forvaltning innanfor tema kulturminne.
- Forvaltningsplan for Lærdalsvassdraget (Planavdelinga m/fleire)– arbeidet er i gang, planlagd gjennomførd i 2017. Planen skal vere ein styringsverkty for forvaltning og sakshandsaming som gjeld Lærdalselva frå Sjurhaugsfossen til fjorden. Planen skal også omfatte ansvarsfordeling for ulike saker som gjeld vedlikehald av tersklar og flaumsikring, opphoping av massar, isgang osv.

Det er elles behov for å revidere Helse- og omsorgsplan og vurdere å innarbeide ulike deltema-planar i denne. Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011-2015 vart lagt fram som eiga stortingsmelding våren 2011. Gjennom denne planen legg regjeringa den politiske kurser for helse- og omsorgstenestene og folkehelsearbeidet dei neste 4 åra.

Samhandlingsreforma skal gje pasientane samanhengande helse- og omsorgstenester og møta utfordringane knytt til demografiske endringar og endringar i sjukdomsbiletet. Reforma skal leggja til rette for at samfunnet og helsetenesta i større grad fremjar helse og førebygg meir. Helsetenestene skal koordinerast og folk skal få betre helsetenester nær der dei bur.

Målet med ein overordna Helse- og omsorgsplan er at planen skal sikre helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i samsvar med demografiske endringar, bygga stabile og gode fagmiljø gjennom samlokaliseringar og legga til rette for god intern samhandling. Gjeldande Helse- og omsorgsplanen vart vedteken i 2012. Det er behov for ei snarleg rullering av planen, der ein og vurderer om planen skal omfatte fleire underordna planar. Framlegg til planar som bør vurderast innarbeida i Helse og Omsorgsplanen:

- Ruspolitisk handlingsplan
- Plan for folkehelse (Ny)
- Plan for psykisk helsearbeid

Ein kunne då unngå mange planprosessar for ajourhaldning og revidering av allereie overlappande planar. I tillegg må planen oppdaterast til dagens situasjon innanfor helse- og omsorgsektoren. Dersom ikkje Plan for folkehelse vert utarbeida som ein del

av rullering av Helse og Omsorgsplanen, bør det lagast ein eigen plan for dette, då temaet er svært viktig å få sett fokus på, spesielt med tanke på førebyggjande helsearbeid.

Evaluering

I førre planstrategi vart det poengtert viktigheita av å starte tidleg med planstrategi-prosessen, slik at analyse- og statistikk-arbeidet og evaluering av førre planstrategi-perioden var klart før ein starta prosessen med nytt kommunestyret rett etter konstituering. Då det har vore mindre kapasitet på planavdelinga dei siste to åra, har ein ikkje lukkast i å gjennomføre prosessen med ny planstrategi som ynskja. Arbeidet med samfunnssdelen har og drege ut i tid, og ein har no vald å sjå dei to planane i samanheng, for å spare tid og ressurar på omfattande analysearbeid.

I avdekking av planbehov for ny planstrategi-perioden, har ein sett at mange av planane som vart sett opp i førre planstrategi ikkje er gjennomførde. Det er ulike årsaker til dette, men redusert kapasitet i administrasjonen, endra fokus etter brannen i 2014 og redusert økonomisk kapasitet til planarbeid er nokre av årsakene.

For å få ein god prosess i forkant av arbeidet med neste planstrategi for kommunestyreperioden 2019-2023 bør kommunestyret vinteren 2018/2019 evaluere denne strategien. Kva planar har me gjennomført? Kva planar er me i gang med? Har me gått frå plan til handling? Har planstrategien vore eit styringsverktøy for planarbeidet i kommunen? Ei slik evaluering vil vera viktig for neste kommunestyre og arbeid med ny kommunal planstrategi, i tillegg til at det vil synleggjere kor vidt planane er omsett til praktisk handling. Det vil vera eit godt grunnlag for å starte arbeidet med ny kommunal planstrategi.